

NVE

Innsendt dato: 10.05.2018

Referansenummer: INZJEC

## Innsending av høringsuttalelse

| Informasjonsside               |    |
|--------------------------------|----|
| Fortsett med høringsuttalelsen | Ja |

| Personopplysninger |                  |
|--------------------|------------------|
| Fornavn            | ELDBJØRG         |
| Mellomnavn         | Ikke angitt      |
| Etternavn          | FURHOLT          |
| E-postadresse      | e-furh@online.no |
| Mobilnr.           | 97558452         |
|                    | Ikke angitt      |

| Saksopplysninger |   |
|------------------|---|
| NVEs saksnr.:    | 201606897                                       |
| Sakstittel       | Opo og Sandvinvatnet - flomsikring og kraftverk |

## Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

OPO - EIT VERNA VASSDRAG

Om få dagar skal Odda kommunestyre gi uttale og gjere vedtak i forhold til kva type flaumsikringstiltak ein ønsker ytterlegare for elva Opo.

Sett i lys av at Opo er del av eit verna vassdrag, ønsker eg å gi ein kort uttale.

Sjølv om ekstremver og storflaum gjorde at Opo blei ei vill og farleg elv i 2014, er det ingen tvil om at Opo også er ei elv som omtrent einkvar odding er svært stolt av.

Ei til tider kraftig elv som smykkar landskapet rundt eit lite bysentrum - for mange eit noko uvanleg syn.

I debatten om kva for sikringstiltak som vil fungere godt nok, blir ulike risikofaktorar sett opp mot kvarandre, og det kan virke som om ingen sit på den eigentlege fasiten.

Llikevel er det dei økonomiske argumenta som for fleire blir avgjerande for at kraftverk med flaumtunnel kan virke som det einaste reelle sikringsalternativet.

Opoelva blei ikkje verna utan grunn. Det ligg mange faglege vurderingar til grunn for dette. Elva blei verna fleire tiår tilbake i tid, og behovet for å ivareta dei unike naturressursane har i eit miljøperspektiv ikkje blitt mindre i vår nåtid.

I tillegg ser vi at Odda er inne i ei på mange måtar positiv omstillingstid der reiseliv/turisme stadig skaper nye arbeidsplassar og gir oss nye utviklingstiltak som både styrkar identitet, tradisjonar....og andre binæringar.

Det er ikkje nødvendig å gå i detalj for å skildre kva verdiar vi snakkar om her. Uerstattelege verdiar kan gå tapt for eit heilt samfunn.

Odda og Hardanger har regulert vassdrag og lagt mange elvar i røyr - til glede for storsamfunnet, men historisk sett til skade for både reiseliv og naturelskarar. Ein skal ikkje nedvurdere konsekvensane av dei estetiske verdiane heller.

Vi er då svært mange som er av den oppfatning at eit verna vassdrag krev ekstra omsyn og særtiltak. NVE har gjort ein fantastisk jobb i forhold til visuelt flotte sikringstiltak så langt. Elva har blitt tryggare, og nærområdet har fått ei ansiktsløftning. Sikringstiltaka har ein prislapp. Det å verne eit vassdrag har også ein prislapp.

Elva blei som sagt ikkje verna utan grunn, og det er ikkje unaturleg å tenke tanken at eit verneverdig vassdrag også treng ekstra tilførte ressursar ved sikringstiltak for å kunne halde fram med å framstå

|                              |   |
|------------------------------|---|
|                              | <p>med sin verdi.</p> <p>Dei to flaumsikringstiltaka blir nå framlagt til vurdering lokalt utan at statlege styringsorgan har lagt plan og føringar for korleis dette kan finansierast vidare.</p> <p>I realiteten vil mange meine at framtida til eit verna vassdrag pr i dag er lagt i hendene på eit privat, kommersielt selskap.</p> <p>Dette er eit bakteppe som ikkje er eit verna vassdrag verdig. Vern av vassdrag skal vere basert på dei kvalitetane som ligg til grunn for dette, ikkje økonomi.</p> <p>Det er med stor tiltru til NVE at ein ønsker ei saksbehandling som rettferdiggjør tidlegare vedtak og vidareføring av NVE som eit verna vassdrag.</p> <p>Dette vil vere til stor glede for Odda sine innbyggjarar.</p> |
| Høringsuttalelse som vedlegg | Ikke angitt   |
| Vedlegg av bilder og kart    |   |